

# Stødleterrassen Etne kommune

Områdefreding §19, Kulturminnedokumentasjon







Introduksjon .....	4
Landskapet i områdefredinga .....	4
Automatisk freda kulturminne .....	13
Kulturhistoria på Stødleterrassen .....	13
Vegetasjonshistorie .....	14
Steinalderen.....	15
Bronsealderen.....	15
Eldre jernalder.....	18
Mellomalder .....	23
Kulturminna som finst i dag.....	25
Askeladden id 90164 Helgaberg .....	25
Askeladden id 90176 gravrøys.....	26
Askeladden id 90207 Stødlebrotet .....	27
Askeladden id 90170 Kyrkjehaugen .....	28
Askeladden id 90140 gravrøys.....	28
Askeladden id 90167 Olahaugen .....	29
Askeladden id 127307 Gravhaug ved gamletunet.....	29
Askeladden id 90185, 90191, 90215, 90124.....	30
Askeladden id 127304, 127305 gravhaugar .....	31
Askeladden id 90222 gravrøys.....	32
Askeladden id 127306 gravrøys.....	32
Askeladden id 117286 – Busetjing - aktivitetsområde.....	32
Kulturminne og landskap .....	33
Oppsummering.....	37

## Introduksjon

Terrasselandskapet på Stødle, Sørheim og Austrheim i Etne kommune er eit markert landskapsrom i bygda i hovudsak er her landbruk, men det vert og tatt ut sand og grus. I dette landskapet er det mange kulturminne både frå førhistorisk og historisk tid. Stødleterrassen har ein sentral posisjon i nasjonal samanheng med omsyn til mellomalderen si nasjonsdanning og kongemakt. Terrassen er eit kjennemerke for bygda. Landskapet kulturminna ligg i er ei ramme både i høve til ein gjennomgang av faghistoria og den faktiske situasjonen i dag.

## Landskapet i områdefredinga

Forma på på terrassen er resultat både av geologiske tilhøve der ein jordbrukstradisjon, som går langt tilbake i tid har forma overflata. På Stødleterrassen vil samhengane mellom landskap og kulturminne verta sentralt.



*Figur 1: 1) Datamodell av Stødleterrassen basert på eldre kart slik den var før uttak av sand byrja.  
2) Datamodell av Stødleterrassen der det grønne området viser korleis landskapet vert når alle godkjende planar er ferdigstilte. Terrassen er her sett i frå vest.*

Dei siste hundre åra har Stødleterrassen vorte endra, i hovudsak på grunn av uttak av sand og grus i stor skala. Frå 1898 og fram til midten på 1950 talet hadde Stødleterrassen eit areal på vel 1117 dekar. Vel 60 år seinare er arealet på 960 dekar. Eit 160 dekar stort kulturlandskap er borte. Dei store uttaka av sand og grus er gjort i vest og søraust på terrassen. To uttak på Stødle og Sørheim er grave ein 45 – 50 meter inn frå opphavleg terrassekant. Også på Austrheim er den gamle terrassekanten flytta vesentleg lenger inn.

I områdefredinga ligg i hovudsak verneområdet på øvre del av terrassen. Her er i dag relativt flatt jordbruksland. Lendet var før meir markert med åsryggar og dalsøkk. Sørheim har hatt ei større terrasseflate, opphavleg med gravminne langs heile brotkanten. I dag er denne samhengane mest viska ut. Sørheim er som gard delt på ein øvre og nedre terrasse. Øvre del av Sørheim er i tillegg delt av ein

markert morenerygg, der innmarka før låg på vestre side og utmarka på austre side. Utmarka vart ikkje dyrka før utpå 1920-talet. Dette landskapet har preg etter å ha vorte maskinelt dyrka på 1970-talet. Moreneryggen er fleire stader seinka med 1-2 meter. Topografisk er den framleis eit viktig skilje i landskapet. Dette er eit skilje som strekk seg i frå brotkanten i sør og nord til området ved Hetlebrekk. Gravfelta på Hetlebrekk ligg plassert i austre enden av ryggen og viser oss at folk før oss har nytta markerte landskap som viktige referansepunkt.

På Austrheim ligg nordvestre delen av innmarka igjen som eit eige landskapsrom. Det som i dag er tett utpå terrassekanten var før eit godt stykke inne på flata (figur 1). I samband med uttak er det gjort undersøkingar og frigjeving av automatisk freda kulturminne. Innmarka på Austrheim har framleis eit meir kuppert preg, med nord-sør gåande ryggar. Denne opphavlege landskapsforma finn me mest ikkje att elles på terrassen. Dei førhistoriske funna, ligg og i relasjon til grensa mellom Sørheim og Austrheim og viser oss at grensene i landskapsrom og har vorte grenser for gardar i eldre tider.



*Figur 2: Foto av området Rottane landskapsområde 6, er ei markert endemorene på Austrheim. Arkeologiske undersøkingar i samband med uttak av sand har vist at det har vore busetnad i kant av denne ryggen i frå eldre bronsealder og eldre jernalder. Busetnadsspora låg på baksida av ryggen til venstre i biletet. Rekonstruksjonen i Figur 5 viser at busetnaden har vore sentrert 100-200 meter inn frå opphavleg terrassekant. Avstanden til gravfeltet på Hetlebrekk er kort og området har eit stort potensiale for funn og er viktig for innsikt i førhistorisk liv og virke på terrassen.*

*Figur 3: Foto av innmarka til Austrheim, sjølv med intensiv dyrking på staden kan ein framleis sjå konturane av det opphavlege landskapet i området. Her går ryggane mest aust-vest retning og har gjeve gode vilkår for førhistorisk busetnad.*



*Figur 4: Foto i frå nedre kant av Stødlebrotet. Her er den gamle terrassekanten teken vare på og brukt som beite. Søkket i midten er mest truleg eit naturleg søkk, men som i eldre tider har vore nytta til veg opp på terrassen. Gravminna ligg i skogen ovve på brotkanten.*

Skal Stødleterrassen verta historieforteljande dokument for folk i dag, må me sjå på endringar med omsyn til landskapet og tap av fornminne. Bileta figur 5 er tatt i samband med utgravingar frå Bergen museum og viser oss eit kulturlandskap, med beite, slåtte og åkerlandskap. Eit landskap som i alle tider har gjeve folk eit levebrød. Endringane i nær fortid har gitt eit tap av spor etter vår historie, men mest av alt eit heilskapleg landskap. Kulturminna står i relasjon til endringane av landskapet i Etne, men i det historiske biletet har Stødleterrassen ei særstilling.



*Figur 5: To foto som viser den gamle terrassen på øvre del av Sørheim. Øvst ser me nordover mot Stødle kyrkje. Her har det vore åker og beite i uminnelege tider. Flata var eit viktig område som kult- og gravstad for slektene på Sørheim i førhistorisk tid. Biletet er tatt i frå Garahaugen ned mot tunet på 36/12-14 og viser då Lundahaugen. Biletet under viser området nord mot kyrkja med den 3500 år gamle Garahaugen i midten. Frametter langs kanten låg haugane og røysene på rad og rekkje som eit vitnesbyrd på makt og tradisjon. I dag er berre gravfeltet på Stødlebrotet igjen, då som no inne i skogen framfor kyrkja. Foto: Bergen Museum*





*Figur 6: Dokumentasjon av delar av gravfeltet på Sørheim. Til høgre i biletet kjem sandtaket stadig nærmare. I bakgrunnen, på andre sida av bygda ligg Matskor og bygdeborga der. I dag er heile broikanten og lendet i framgrunnen borte. Foto: Bergen Museum*



*Figur 7: Siste reis. Grava frå vikingtid skulle vera eit monument og skulle vise slekta si makt og tradisjon. Det einaste som er att av dette gravminnet er dette fotoet. På bildet ser vi gropa etter ein båt på 7-8 meter, truleg ein seksæring. Haugen har lagt ut på terrassekanten ved gamletunet på Sørheim. Biletet viser oss godt korleis ein har brukt denne markante landskapsgrensa til å synleggjera slekta sin makt og posisjon. Haugen må ha vore synleg frå store område i bygda. I bakgrunnen ser me Gjeresida av bygda med gardane Gralsete og Flote. Foto: Bergen Museum*

Kunnskapen om landskapet slik det ein gong var, er no for det meste ute av folk sitt minne. Dessverre gjeld dette og fornminna som ein gong var her. Sjølv om dei moderne inngrepa er markerte er dei attverande delane av dei gamle landskapsdraga på terrassen ikkje blitt mindre viktige. Geologiske formasjonar og landskapsrom er framleis intakt. Det er framleis kulturminne av både i frå eldre og nyare tid. Ein samanstilling av desse elementa gjennom foto og gamle kart kan me få mykje opplysningar om korleis Stødleterrassen var i eldre tider, og korleis folk levde her.



*Figur 8 Bogahaugen slik den var kring 1953. Fjernainga av haugen vart til ein diskusjon mellom Etne kommune og Bergen museum. Haugen var kan hende eit av dei mest visuelle kulturminna ein har hatt i Etne. At haugen vart fjerna, og at det vart opna opp for sanduttak, førte til ein negativ konsekvens for landskapsrommet og opplevinga av terrassekanten.*



*Figur 9: Bogahaugen under utgraving, dokumentert i frå tårnet på Stødle kyrkje, i bakkant ser me det gamle jordbrukslandskapet med Mulane i midtre del. I framkant ser me og ei av dei naturlege kløftene som skar inn i terrassen. Dette syner at Stødle kyrkje låg ikkje berre på brotkanten, men på ein framskoten og dominerande kant i landskapet.*



*Figur 10: To foto av areal for fall. Øvst er foto frå 1957 av sandtaket nord for Stødle kyrkje ved Bogahaugen. Landskapet rundt Stødle kyrkje er i dramatisk endring. Bogahaugen er utgraven, og sandtaket skjer seg inn i det gamle landskapet. I dag er landskapet ei slak skråning og har mist mykje av eigenskapane som dokumentasjon på den gamle Stødleterrassen. Under er foto av den gamle Stødleterrassen sør for Stødle kyrkje ein regntung dag på slutten på 1960-talet. Åker og slåttemark står for fall. Garahaugen vert utgraven i 1966, med den forsvinn og det førhistoriske og historiske landskapet. I dag er ingenting av flaten og gravene langs Sørheimsbrotet att. Foto Bergen Museum.*

## Automatisk freda kulturminne

På Stødleterrassen er det kjent over 50 automatisk freda kulturminne i dag. Tidlegare har det vore kjent over det dobbelte. Desse har opp gjennom tida gått tapt som følge av tiltak og utbygging. I tid spenner kulturminna over heile den delen av vår historie og forhistorie då landbruk var viktigaste næringsveg. Ut i frå funna veit me at terrasselandskapet i Etne må ha vore svært attraktivt for dei aller første bøndene, truleg alt for over 4000 år sidan.

Etne er ei av dei største jordbruksbygdene på Vestlandet. Kulturminna og kulturlandskapet på Stødleterrassen viser oss bonden si eiga historie og forhistorie. Potensialet for fleire funn frå tidlegare tider er høgt, og terrassen er dermed ei viktig kjelde for ny kunnskap om den eldste tida i landet.

Tabellen under viser kjende automatisk freda kulturminne i fredingsområdet. Dei vil verta presentert meir utfyllande i gjennomgangen som følgjer.

Fornminne Id	Tal synlege og påviste objekt	Type	Namn	Gnr/bnr
90164	1	Bergkunstlokalitet	Helgaberg	35/12
90176	1	Gravrøys	Øvre Helgaberg	35/2
84992	1	Mellomalder kyrkje	Stødle Kyrkje	35/16. 35/46
90207	10	Gravfelt	Stødlebrotet	35/2 35/15 35/6
90170	2	Gravhaug - bautastein		35/26
90140	1	Gravhaug		35/6
90167	1	Gravhaug	Olahaugen	35/10
127307	1	Gravhaug		35/10
90167	1	Dyrkingslag		35/10
90185	7	Gravfelt	Hetlebrekk	36/4. 36/11,27,28
90191	4	Gravfelt	Hetlebrekk	36/4
90215	7	Gravfelt	Hetlebrekk	36/11
90124	1	Gravrest	Hetlebrekk	36/4
127304	1	Gravhaug		36/12,14
127305	1	Gravhaug		36/2
127306	1	Gravrøys		36/8
90222	1	Gravrøys	Sjonarhaug	36/12,14
117286	17	Aktivitetsspor		36/12,14

## Kulturhistoria på Stødleterrassen

Med godt over 120 funn og automatisk freda kulturminne på eit lite område tyder dette på ein høg aktivitet. Mange av fornminna har gått tapt, utan meir informasjon om dei. I tillegg er fleire av kulturminna arkeologisk undersøkt og så fjerna. Den historiske informasjonen til desse funna og det undersøkingane gav av ny informasjon, har i mindre grad blitt tatt med i den arkeologiske fagdiskursen. Haugar utan funn, eller med eit lite kjennelege funn, er blitt sett på som problem i staden for som ressurs. Drøftinga har helst vore gjort på detaljar i kongssoga og mellomalderkyrkja på Stødle. Det viser seg at Stødleterrassen har heller få prestisjefunn eller funn av edle metall. Funna her viser oss eit meir

kvardagsleg bilete og spor etter folk flest. Kulturminna har ikkje fått den eigenverdi dei skulle hatt av dei offentlege instansar. Mangelfullt lovverk og prioriteringar etter andre verdskrig, gav dårlege vilkår for vern.

Funna og dei rapportane som ligg føre frå utgravingar på Stødleterrassen, viser i dag eit stort potensiale i kjeldene. Utgravingane frå Sørheim på 1960 – talet, har mykje informasjon om gjenstandar og funnsamanhengar. Som i dag vil gje viktige bidrag til allmennsoga. Moglegvis var det mangel på prestisjeprega funn som har gjort undersøkingane fagleg uinteressante. Utgravingane på 60-talet er med nokre få unntak ikkje fagleg publisert. Når me held fram Stødleterrassen som eit særleg døme må me sjå samhengane både i natur, geologi og kulturell bruk. Datagrunnlaget her vil berre kunne peika på det potensialet som finnes når me ser på det som er gjort av arkeologiske undersøkingar og kva resultat desse undersøkingane viser i dag.

## **Vegetasjonshistorie**

Dei synlege spora og gjenstandane vert utgangspunktet når me freistar å forstå korleis dagleglivet i forhistoria har vore. Naturen har alltid vore ei ramme for menneska sin aktivitet. Pollenbotaniske undersøkingar er eit viktig supplement som nettopp kan fortelja oss noko om det førhistoriske landskapet. Faglege data er med og aukar vår forståing av dei rammene som folk levde under til gitte tider i soga. I 2001 og 2002 vart det gjort både ei arkeologisk og ei pollenbotanisk undersøking på Sørheim. Her vart det dokumentert fossile åkerlag med ei datering til eldre bronsealder. Undersøkingane viste oss at den vel 3000 år gamle åkeren var blitt mykje øydelagt av nydyrking så seint som på 1970 – talet. Samstundes viste den botanisk undersøkinga oss eit viktig bakteppe for å forstå både endringane i landskapet og til å få eit meir nyansert bilete av korleis vegetasjonen på Stødleterrassen har vore<sup>1</sup>.

Vegetasjonsutviklinga på Stødleterrassen viser i korte trekk at rett etter istida voks det mykje busk og kratt av vier og einer på terrassen. I tillegg var her open bjørkeskog og lyng. Lendet stod fram på ein måte som ein i dag finn høgt til fjells. Klimaet i landet endra seg og det ser me igjen også her på Stødleterrassen. Omlag 3000 år seinare finn me tett eikeskog på terrassen, det er no me og kan sjå byrjande innslag av kulturpåverknad. Fram mot Kristi fødsel er Stødleterrassen i hovudsak tett eikeskog med lysningar. No er terrassen for alvor i bruk og gardstuna synest etablera seg.

Vegetasjonshistorie er viktig særleg når landskapet har gått igjennom vesentlege endringar over tid. Med eit bilete av vegetasjonen kan me betre formidle korleis vilkåra var for brukarane av terrassen.

---

<sup>1</sup> Overland, A og Hjelle K. L.: Vegetasjonshistoriske undersøkelser Sørheimsmoen, gnr 36/10, Etne kommune; fra skog til åpent kulturlandskap. I Aksdal, J: Kulturhistoriske registreringar Avdeling for regional utvikling, Kulturseksjonen - Dyrkingsspor frå bronsealder, Sørheimsmoen 36/10, Upublisert rapport 1: 2002

Koplinga mellom vegetasjon, landskap og kulturspor frå steinbrukande tid og fram til i dag gjer området heilt unikt.

### ***Steinalderen***

Dei eldste påviste arkeologiske spora på Stødleterrassen er i frå slutten av steinalder (2400 f.Kr). Ved undersøkingane på 60-talet vart det gjort funn av fleire kokegroper på Sørheim. Ei av desse er tidfest til yngre steinalder sin siste del. På Austrheim og Stødle er dei første dokumenterte spora knytt til den eldre bronsealderen. Det er ikkje gjort funn av gjenstandar eller anlegg frå steinalder på Stødleterrassen. Jeger og sankarane som då held til i Etne hadde Stødleterrassen som eit nærliggande jaktterreng ut i frå leirplassar nede ved stranda. På terrassen var først open skog og lyng som i takt med varmare klima endra seg til tett lauvskog. Vegetasjonen gav slik gode vilkår for jakt på både stor-og småvilt og fugl

### ***Bronsealderen***

Det er i denne perioden, det vil seia i frå 1800 – 500 år før Kristus at bruken av Stødleterrassen tek av. Etne og Stødleterrassen har ein svært høg del av funna i frå denne tida. Undersøkingane i gravhaugane langs brotkanten, både på Sørheim og Stødle viser at fleire av gravhaugane alt vart bygde i denne tida.





*Figur 11: Foto av uttaket av sand i Olahaugen på Stødle dokumentert av Shetelig i 1912. Bildet viser ei av gravkistene i haugen som er typologisk datert til yngre bronsealder. Løa til høgre i biletet er ei av løene i frå det gamle tunet på Stødle, denne vart riven kring 1980. Undersøkingar i 2005 viste at Olahaugen ikkje er borte og at eit av laga i haugen er datert til yngre bronsealder. Foto Bergen Museum*

På Austrheim vart det i perioden 1997 til 1999 gjort fleire registreringar og seinare utgravingar av busetnadsspor og ei gravrøys. Ikkje berre viser funna hus og gard etablert her for mest 4000 år sidan, åkeren påvist i 2002 viste oss korleis garden må ha vore organisert. Me har her eit sett av funn som viser oss jordbruket sin tidlegaste fase. Undersøkingane viste at moreneryggen ved Rottane arkeologisk har ein fleire tusen år lang tradisjon i busetnaden, det kan hevdast at aktiviteten har vore i kontinuerleg drift fram til på 2000 – talet. I byrjinga låg det ein gard midt inne i det området som seinare vart innmarka til bruk 8. Den gongen var tunet omkransa av relativt tett eikeskog og ikkje slik som lendet er i dag. Åkrane låg slik i lysningar på dei gamle ryggane både aust og vest for Rottane.

Sørheim og Stødle har fleire funn som viser aktivitet i bronsealder. Garahaugen og Lundahaugen på Sørheim er datert til eldste del av bronsealderen. Frå Stødle er bronsealderen kjent gjennom funna som er gjort i Olahaugen og funnet av ein halsring i bronse. Halsringen frå Stødle kan i tid plasserast til siste del av bronsealderen eller kring 800 før Kristus <sup>2</sup>.



*Figur 12 – Foto av område for funnstad av halsringen i bronse (B 9097 lite foto). Gjenstanden er funne i grøfter ved dyrking av våtmarksområdet om lag midt i bildet.*

Funnet vart gjort i eit myrlendt areal noko ut i frå kanten ein bergkulle borte ved Urdi. Staden som har namn etter steinura har og slik vorte viktig for folka i bronsealder. I området står framleis vatnet høgt ved mykje nedbør. Halsringen vart funne på 1930-talet i samband med graving av drenering <sup>3</sup>.

Halsringen i seg sjølv er eit typisk døme på gjenstandar frå yngre bronsealder. Mykje tyder på at her må ha vore eit ope vatn for vel 3000 år sidan. Staden er aldri fagleg undersøkt.

Ristingane på Helgaberg er og mest truleg og frå den eldste delen av bronsealderen. Det er mogeleg at ristingane kan vera byrja på alt i slutten av steinalderen. Dei er hogne inn på eit rund berg. Dette er ein knaus som stikk fleire meter opp frå det flate terrenget rundt. Her er då ei samling figurristingar, 23 ringfigurar, 20 ovale figurar og over 270 skålgroper, i tillegg til meir utydlege og uvisse figurar <sup>4</sup>.

Gravhaugen - Olahaugen ligg lengst nord på Stødleterrassen, rett nordvest for det tidlegare tunet på bruk 10. Haugen er først omtalt av Bendixen i 1898 <sup>5</sup> og vart seinare dokumentert i 1912 – 13 av Shetelig og Delange <sup>6</sup> ved Bergen museum. Alt då var haugen mykje skadd av grustak. Haugen vart grave i 1953 av Hinsch ved Bergen museum.

<sup>2</sup> Vevatne, K. Ristingar i Etne ein analyse av tid og rom. Upublisert hovudfagsoppgåve Arkeologisk institutt UIB, 1996: 31

<sup>3</sup> Bergen museum hovedkatalog 1939

<sup>4</sup> Bergbilder i Hordaland, en undersøkelse av bildenes sammensetning deres naturmiljø og kulturmiljø, Gro Mandt Larsen 1972 s.

<sup>5</sup> Fornlevninger i Søndhordland. Ab. 1898: B. E. Bendixen s. 39 ff

<sup>6</sup> Oldtiden bind III 1913, E. De Lange s. 41-69

Haugen vart ved ein feil tolka som utgraven og fjerna<sup>7</sup>. Hordaland fylkeskommune viste ved eit seinare høve<sup>8</sup>, at haugen framleis var der og undersøkingane frå 1953 vart dokumentert på nytt. Fylket tok ut radiokarbondateringar av dei laga Hinsch skildra. Haugen som opphavleg var vel 1,5 meter høg og hadde eit tverrmål på kring 15 - 16 meter, var no sterkt redusert. Ved arbeid i grustaket i vestre kant er det ved fleire høve funne graver i form av små hellekister. Undersøkingane i 2005 viser at sentralgrava etter alt og døme ligg att i botn av haugresten. Nordvestre halvta av haugen er heilt eller delvis vekke i samband med sandtak og vegarbeid. Datering av trekol i haugfyllet viser ei tidfesting til 800 før Kristus eller samstundes med halsringen i tid.

Det som i dag er viktige kulturminne liggande i flatt lende og open grasmark rundt vart i realiteten etablert i ein anna setting. Området rundt Helgaberg og Urdi var tett skog som då gjennom både ofring og bergkunst har vore heilage stader. Gravminna låg som varsle langs gamle ferdsléarar i eit landskap i sterk endring.

## **Eldre jernalder**

Den eldre jernalderen som periode er rikare representert gjennom fleire funn i Etne. Den eldste delen av jernalder viser det same mønster som elles i landet, eit meir sparsamt funnbilete i den eldste jernalderen, enn i dei seinare periodane. På Stødleterrassen har me likevel gjennomgåande fleire funn frå denne heller funnfattige perioden enn elles. Undersøkingane i Bogahaugen tidleg på 1950 – talet viser oss at folk har nytta seg av denne i fleire omgangar. Arkeologisk har denne fleire fasar, der den eldste - første gravlegginga er eit typisk døme på ei låg ringgrav frå keltartid<sup>9</sup>. I neste fase, 600-talet e.Kr, er det bygd ein gravhaug over, og Bogahaugen fekk då si form og låg slik til ut på 1950-talet. Haugen hadde då vore i bruk som gravminne i om lag 400 år og lagt i fred i 1400 år.

I samband med utskifting i 1925-26<sup>10</sup> vart ei samling steinringar og røyser markert på kart. Historisk museum gjorde i 1969-70 undersøkingar på Hetlebrekk, som er eit utmarksstykke under garden Sørheim. Undersøkinga av ein steinring og ei gravrøys, viste at steinringen og var ei gravlegging i frå den eldste del av jernalderen. Røysa lenger sør i gravfeltet vart viste ein liknande konstruksjon, men hadde ikkje noko dateringsmateriale<sup>11</sup>. Gravfeltet på Hetlebrekk viser oss ein mest samanhengande tradisjon som strekkjer seg i frå Keltartid og framover i tid. Dersom vikingtidsfunna i frå Toreklopphaugen viser til siste brukstid har gravfeltet vore i bruk i over 600 år. Buplasspora på

<sup>7</sup> Oppdragsmelding 12, massetak på Sørheimsmoen, Sørheim gnr36 bnr 5 og 10, Etne kommune konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø Bergen 2002: Indrelid. S. Et.al.

<sup>8</sup> Kulturhistoriske registreringar, kultur og idrettsavdelinga, seksjon for kulturminnevern og museum, Olaugaug gravhaug frå bronsealder Stødle 35/10 Etne kommune. Jostein Aksdal Rapport 10. 2006 upubl. rapport HFK.

<sup>9</sup> Hinsch, E: Innberetning om utgraving av Bogahaugen, upublisert 1953, Topografisk arkiv Bergen museum.


<sup>10</sup> Kart over kulturminna på Sørheim status i 1925-26, Sigurd Tvedten. Topografisk arkiv Bergen Museum

<sup>11</sup> Mikkelsen, E: Innberetning om utgravinga av gravhaug på Sørheim gnr 36 bnr 4 funnkart 1/9 Etne, Sundhordland, Sommeren 1969 upubl. rapport: topografisk arkiv 1970.

Austrheim ligg heller ikkje langt unna, og har datering frå same tidlege del av brukstida. Me kan slik kopla både graver og busetnad saman med landskapet og slik få ei unik historisk framstilling.



Figur 13: Samanstilling av foto frå Hetlebrekk slik det såg ut før nydyrking og omlegging av vegen. Bileta frå 1956 viser at utmarka ligg tett ved vegen. Terrenget er kuppert og steinringane ligg framleis urørt lende. I dag veit vi at landskapet i bakgrunnen hadde spor tilbake til bronsealder. Nydyrkinga på 60 og 70-talet har fjerna mykje av dette kulturlandskapet. Eit døme er at hulvegen som kryssar kollen til høgre i biletet er borte. I dag er her fulldyrka mark.



Figur 14: Utsnitt av kart som mellom anna viser gravfeltet på Hetlebrekk, datert 1926. I dag er gravminna 1–4 borte, 5 er undersøkt og nummer 9 er undersøkt og fjerna. Gravminna 17-18 er også borte, men ikkje undersøkt. Vidare er haug 22 no truleg fjerna etter ei mindre registrering av Bergen museum. Området nord for vegskiljet ved Hetlebrekk er mykje oppdyrka og senka jf. bilete frå 1956.



*Figur 15: Foto av Bogahaugen, Stødleterrassen, tatt under graving hausten 1953. I grava er det funne to gravleggingar der ei er tidleg eldre jernalder, medan ei er i frå slutten av eldre jernalder. Bogahaugen låg på ein framskoten del av terrassen i nærleiken av Stødle kyrkje. Her vart det etablert sandtak og området er i dag heilt borte. I samband med drift av sandtaket vart det gjort fleire funn av gjenstandar frå gravleggingar frå eldre jernalder under flat mark. Foto Bergen Museum*

I arkivet er det opplysningar om fleire ringar av stein i området omkring dei store gravhaugane på Sørheim. Slik informasjon saman med kunnskapen me har i frå Hetlebrekk, gjev oss eit meir utfyllande bilete av forhistoria også på Stødlebrotet. Me ser at Bogahaugen har to gravleggingar, der første grav samsvarer med steinringane på Hetlebrekk i tid. I området rundt Olahaugen har me og samtidig aktivitet i den eldre jernalder, men då som åker. Dette viser at det på Stødleterrassen finst lag på lag med spor etter både bustader, åkrar og gravleggingar frå ei tid som elles i Noreg er meir sparsamt representert.



*Figur 16: Foto av utgrave røys på Stødle, her er grava avdekt og kista opna. Haugen låg inne på terrasseflaten saman med to andre haugar. I dag ligg der ein haug att. Dette gravminnet vart undersøkt i 1928 av Johannes Bøe. Foto Bergen Museum*

Siste del av eldre jernalder – folkevandringstida, er og rikt representert i funnmaterialet. På Stødle vart det i 1928 grave ut ein gravhaug. Dette viste seg for oss som ein ikkje heilt så vanleg variant.

Gravlegginga har ei gravkiste av steinheller, som igjen er dekt av ei kjernerøys. Bergen Museum viser til i sin rapport at haugen har eit noko uvanleg haugfyll av trekol, som igjen er dekt av fleire lag stein og jord<sup>12</sup>. Grava på bruk 4 og siste gravlegging i Bogahaugen på bruk 10 viser gravleggingar frå same periode.

På Sørheim er det og fleire gravfunn med tilknytning til eldre jernalder. Plasseringa i landskapet viser no ei større spreiding. Fleire av haugane er plassert på den nedre terrassen heilt i sørvest på Stødleterrassen. Truleg viser funna her ei konsolidering av Sørheim som eit hovudsette i jernalderen.

I samband med ei mindre undersøking i 2008 vart det påvist kokegroper og stolpehol rett utanfor fjøset på bruk 12-14 på Sørheim. Desse spora er tidfest til vel 0 – 300 etter Kristus<sup>13</sup>. Me ser då at det også på Sørheim og Stødle er gardsaktivitet alt ved Kristi fødsel.

<sup>12</sup> Bøe, J. *Innberetning topografisk arkiv Bergen museum Bøe 1927*

<sup>13</sup> *Førhistoriske buplassfunn på Sørheim (36/12 og 14) på Stødleterrassen i Etne kommune. Kulturhistoriske registreringar Rapport 13 2008*

## Yngre jernalder

Tida frå 600 til 1100 etter Kristus har på fleire måtar blitt oversett i materialet frå Stødleterrassen. Dette skuldast ikkje mangelen på funn og anlegg, men ei sterk fokusering på mellomalderen på Stødle.

Sagamaterialet plasserer Stødle og Etne som eit viktig maktsentra i riksstyringa på 1100-talet. Funna frå den yngre jernalder på Stødleterrassen viser oss eit bilete der Austrheim, Stødle og Sørheim alt har skilt lag som gardar. Austrheim og Stødle har likevel få funn frå denne tida i høve til Sørheim. På Sørheim har dei fleste gravene som er undersøkt på Sørheim, gitt eit tidfesting til yngre jernalder. Austrheim har

til dømes 14 graver/funn tidfest til jernalder. To av desse kan plasserast til siste del av jernalder, og ingen sikre graver frå vikingtid er identifisert. Mykje av det same finn me att i det arkeologiske materialet frå Stødle. Fleire funn kan daterast til jernalderen generelt, men berre eitt kan sikkert tidfestast til merovingartid. Funn av båtsaum tyder på båtgrav i frå merovingartid/vikingtid, men dårleg informasjon om funnet gjer at me har ingen sikre gravleggingar frå vikingtid på Stødle.



*Figur 17: Foto av utgraven båtgrav, frå Sørheim. Her er truleg ein seksæring brukt til gravlegging. Båten har vore halvt nedgraven og hatt ein låg haug over. I båten er det funne ei våpengrav med funn som tidfester grava til vikingtid. Området der grava låg er i dag heilt borte. Foto: Bergen Museum*

Sørheim står då i ei særstilling av gardane på Stødleterrassen. Av 72

funn og gravminne kan i alt 17 sikkert tidfestast til yngre jernalder. Heile 42 funn og funnsamanhengar kan generelt plasserast i jernalder. Sørheim er med andre ord ein markert vikingtidsgard.

Talmaterialet vil i grove trekk fortelje oss om soga til gardane på terrassen. Funnsamanhengane kan fortelja oss meir om dei sosiale tilhøva og maktrelasjonar som er i jernalder. Utgravingane på Sørheim gav funn av fleire spesielle graver. Ei gravlegging ifrå overgangen merovingartid – vikingtid var til dømes omkransa av fire stolpar. På Vestlandet elles er det berre dokumentert ei slik grav tidlegare, den er då i frå storgarden Myklebust i Nordfjord<sup>14</sup>. Kva stolpane har vore nytta til er uvisst.

<sup>14</sup>

Shetelig, H.: Vestlandske graver fra jernalderen. Bergen. 1912

På terrassekanten er det funne to båtgraver. For ei av gravene kan me ut frå gravgodset datera ho til midten av vikingtid <sup>15</sup>. Gravlegginga viste at den døde var lagt ned i ein større båt, truleg ein seksæring med våpen og utstyr liggande sentralt i båten. Grava har vorte plyndra og gravgodset som låg att, var ikkje verdfullt prestisje gods. Gravforma og plasseringa viser likevel til makt og mynde i ein norrøn tradisjon.

Funna fortel oss at Sørheim må ha vore ein aktiv gard i vikingtid. Gravleggingar skjer etter mønster me finn på andre storgardar på Vestlandet. Det arkeologiske materialet viser ein tendens til at Stødle og Austrheim er meir anonyme i vikingtida sin første del.

### ***Mellomalder***

Det er få funn utanom kyrkja på Stødle som viser noko att av mellomalderen på Stødleterrassen. Sør for klyngetunet på Stødle, vart det gjort funn av keramikk frå 1500-talet. Funnet vart gjort i jordlaget ut mot den gamle terrassekanten. I samband med undersøkinga av Olahaugen i 2005, vart det funne eit brannflak tett inntil haugen. Dette fekk ei dateringane til om lag år 1000 e. kr.,



*Figur 18: Stødle kyrkje Askeladden id 84992, der eldste del er i frå mellomalderen ca 1160, midtre trebygning frå 1660-åra medan tårnet er i frå 1830-talet.*

---

15

Myhre, B.: Innberetning topografisk arkiv Bergen museum 1970



Kyrkja på Stødle, skal i følgje saga vera reist av Erling Skakke kring 1160, og syner at Stødle som gard har fått ein sentral plass i bygda og i regionen elles.

Gjennomgangen av funna frå Stødleterrassen fortel oss mykje om folk som har budd her tidlegare. I grove trekk har det til mest alle tider har vore folk på Stødleterrassen. Det er likevel frå når jordbruket var levevis at Stødleterrassen byrjar å bli sentral.

Aktiviteten på Stødleterrassen er liten i steinalder, spora etter jordbrukspionerar aukar i bronsealderen. Når jordbruket er tatt opp som leveveg finn ein både graver og offerfunn og kultstader. I jernalderen ser det ut til at Stødleterrassen har fått ein sentral posisjon i Sunnhordland og vert eit grunnlag for etableringa av kongsmakta på Vestlandet.

## Kulturminna som finst i dag

Sjølv om mykje av tilfanget av kulturminne er tapt er det framleis fleire og viktige kulturminne att på terrassen. Sjølv i dag kan me finna nye arkeologiske lokalitetar som aukar forståinga av terrassen som kulturlandskap i ei uendelege lang tid. Det er kjent over 50 einsskilde automatisk freda kulturminne på Stødleterrassen i dag.

Oversikta under viser kjende automatisk freda kulturminne i fredingsområdet.

Fornminne Id	Tal	Type	Namn	Gnr/bnr
90164	1	Bergkunstlokalitet	Helgaberg	Stødle
90176	1	Gravrøys	Øvre Helgaberg	Stødle
84992	1	Mellomalder kyrkje	Stødle Kyrkje	Stødle
90207	10	Gravfelt	Stødlebrotet	Stødle
90170	2	Gravhaug - bautastein	Kyrkjehaugen	Stødle
90140	1	Gravhaug		Stødle
90167	1	Gravhaug	Olahaugen	Stødle
127307	1	Gravhaug		Stødle
90167	1	Dyrkingslag		Stødle
90185	7	Gravfelt	Hetlebrekk	Sørheim
90191	4	Gravfelt	Hetlebrekk (steinring)	Sørheim
90215	7	Gravfelt	Hetlebrekk (1 røys truleg borte)	Sørheim
90124	1	Gravrest	Hetlebrekk (1 haug truleg borte)	Sørheim
127304	1	Gravhaug		Sørheim
127305	1	Gravhaug		Sørheim
127306	1	Gravrøys		Sørheim
90222	1	Gravrøys	Sjonarhaug	Sørheim
117286	17	Aktivitetsspor		Sørheim

### **Askeladden id 90164 Helgaberg**

Helleristingar ligg på Helgaberg, ein heller rund bergknaus som stikk fleire meter opp frå terrenget rundt. Her er ei samling figurristningar: 23 ringfigurar, 20 ovale figurar og over 270 skålgroper i tillegg til meir utydlege figurar<sup>16</sup>. Lokaliteten ligg på austre kant av berget, der det er høgast. Her reiser berget seg to til fire meter opp frå bakken rundt. I nordvest ligg ein eldre stovebygning og heile lokaliteten ligg no inne i hagen til 35/12.

<sup>16</sup>

Bergbilder i Hordaland, en undersøkelse av bildenes sammensetning deres naturmiljø og kulturmiljø, Gro Mandt Larsen 1972 s.



*Figur 19: Foto av den øvre delen av Helgaberget. Her er synlege groper og andre ringfigurar. Ein del av figurane er heilt eller delvis dekt av vegetasjon. Lokaliteten er dokumentert i 1969. Dei siste åra har Helgaberget vore med i eit prosjekt der ein dekker til berget i store deler av året. Målet er å svekke vegetasjonen og gjere figurane tydelegare.*

### **Askeladden id 90176 gravrøys**

Inne på den nordre delen av terrassen, om lag midt ute på dyrka mark, ligg ei røys. Røysa ligg på bergkollen kalla Øvre Helgaberget. Øvre Helgaberget reiser seg og markert opp i frå terrasseflaten og dannar eit landemerke. Tett vegetasjon på berget gjer det vanskeleg å slå fast storleiken på røysa, men i tidlegare registreringar er ho ein knapp meter høg, og åtte til 10 meter i tverrmål. Gravminnet er bygd av jamn løftestein. Ho verkar noko uryddig og nokre stader er stein kasta ut.



*Figur 20: Foto av austre kant av berget "Øvre Helgaberg", dette er eit markert berg ute på flaten, der ei røys ligg på øvste delen av berget. Berget er overgrodd med krattskog og undervegetasjonen er mose og noko torv.*

### **Askeladden id 90207 Stødlebrotet**

Gravfelt med ti røysar liggande langs brotkanten i områda både nord og sør for Stødle kyrkje. Røysene viser korleis ein i førhistorisk tid har nytta seg av terreng og landskap. Gravene ligg på den siste intakte delen av Stødlebrotet. Plasseringa av både kyrkja og gravminna langs brotkanten viser kor viktig denne type landskap har vore som markering av makt og tilhøyrsløse i førhistorisk tid. Røysene er jamt 7-8 meter i tverrmål og låge. Haugen i bytet til Sørheim er då mellom 15 – 20 meter og 2 meter høg og er ein av storhaugane som låg i gravfeltet.



*Figur 21: Foto Stødlebrotet sett i frå kyrkja og kyrkjehaugen. Vegen i framgrunnen er ein av dei gamle kyrkjevegane opp til Stødle kyrkje. Gravfeltet ut på kanten ligg i området der jordbrukslandet går over til beitemark i bakken.*

### **Askeladden id 90170 Kyrkjehaugen**

Rett vest for kyrkja ligg kyrkjehaugen ein gravhaug på vel 10 meter i tverrmål og 1 – 1,5 meter høg. Haugen har i dag ein bautastein ståande i toppen, men denne er sekundært plassert. Haugen er ein av fleire haugar som har lagt frampå terrassekanten.



Figur 22: Kyrkjehaugen like på framsida av kyrkjegardsmuren ved mellomalderkyrkja på Stødle. Foto: Hordaland fylkeskommune

### **Askeladden id 90140 gravrøys**

Om lag 125 meter nord for Øvre Helgaberget ligg det ei gravrøys med tverrmål på gode 15 meter. Høgda på gravminnet er over 2 meter. Dette er truleg ei kjernerøys med jordkappe over. Tidlegare var her tre haugar. Byttet mellom gardsbruka vart plassert her, slik at haugane låg både på bruk 4 og 6. Haugen er etter tradisjonen aldri opna. I dag er røysa mykje forma etter slått og steinrydding.



Figur 23: Gravhaug registrert som Fett sitt fk 6.1 på Stødleterrassen, Denne ligg att etter ei samling av to haugar og ei røys. Haugen er påført noko rydningsstein og var tidlegare overvakse med kratt. Grunna pløying inn til haugfoten har haugen ein noko kunstig ytterkant. .

### **Askeladden id 90167 Olahaugen**

Olahaugen ligg lengst nord på Stødleterrassen, rett nordvest for det tidlegare tunet på bruk 10. Haugen er først omtalt av Bendixen i 1898<sup>17</sup> og vart seinare dokumentert i 1912 – 13 av Shetelig og Delange<sup>18</sup> ved Bergen museum. Alt då var haugen skadd av grustak. Haugen vart prøvegrave i 1953 av Hinsch ved Bergen museum. Haugen var opphavleg bort i mot 2 meter høg og hadde eit tverrmål på kring 15-16 meter. I dag har haugen måla 10 meter aust-vest, og 12 meter nord-sør. Høgda er opp imot ein og ein halv meter. Undersøkingane i 2005 viser at sentralgrava etter alt og døme ligg att i haugresten, medan nord vestre halvta av haugen er heilt eller delvis vekke. Hausten 2014 vart haugen sikra gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom grunneigar og fylkeskommune. Haugen vart sikra med påfylling av jordmassar i sjaktene frå -50 talet. Haugen står no betre fram som eit viktig automatisk freda kulturminne



*Figur 24: Foto av Olahaugen, sett mot nord aust. I framgrunnen går den gamle bygdevegen opp til tunet på Stødle. Elles er søkk og grøfter frå undersøkingane i 1953 framleis synlege. Haugen si opphavlege utstrekning går frå bjørketreet til høgre i biletet. Tverrmålet var på vel 16 meter. I dag oval i forma. I nord (venstre i biletet) er det grave vekk ein 4 – 6 meter av haugen sin ytre kant (Aksdal 2006).*

### **Askeladden id 127307 Gravhaug ved gamletunet**

Inne på og ved det gamle tunet til bruk 10, låg det i 1898 fem gravhaugar. Desse var framleis synlege i 1953<sup>19</sup>. Bogahaugen fjerna i 1953 låg gode 50 meter sørvest for det gamle stovehuset. Olahaugen og ein haug rett nord for denne låg rett i vestre kant av den gamle løa på nordsida av gards og bygdevegen. I området sør for gamlevegen gjennom tunet låg då to mindre haugar. Husa som stod der i 1898 og 1953

<sup>17</sup> Fornlevninger i Søndhordland. Ab. 1898: B. E. Bendixen s. 39 ff

<sup>18</sup> Oldtiden bind III 1913, E. De Lange s. 41-69

<sup>19</sup> Hinsch, E: *Ufullstendig innberetning om graving av Olahaugen*, upublisert 1953, Topografisk arkiv Bergen museum.

er borte og kartfestingane og skildringane i arkivet er vanskeleg å bruke for å finna Ein av haugane er likevel mogleg å finna att i dag. Seinare tids påfyllingar og graving inne på tunet gjer at haugen ikkje ligg i eit opphavleg lende. Haugen er truleg 5 meter i tverrmål, ein halv meter høg og har eit søkk i midten. haugane att.



*Figur 25: Gamletunet på 35/10 der det ligg ein låg haug mellom to brakker. Søkket til høgre i biletet er far etter den gamle bygdevegen opp til Stødle. Olahaugen ligg lenger til høgre utanfor biletet Foto: Hordaland fylkeskommune*

### **Askeladden id 90185, 90191, 90215, 90124**

Ei samling steinringar og røyser ved Hetlebrekk. I dette området låg det over eit tjuetals røyser og andre gravminne. Dei ligg på begge sider av bygdevegen idag. I dag er likevel mykje av landskapet endra og gravminne er fjerna både med og utan undersøkingar. I alt er det vel 16 anlegg igjen som kan tolkast som sikre gravminne.



*Figur 26: Hetlebrekk slik det såg ut før nydyrking og omlegging av vegen. Biletet frå 1956 viser at utmarka ligg tett ved vegen. Terrenget er kuppert og steinringane ligg framleis urørt lende. I dag veit vi at landskapet i bakgrunnen hadde spor frå bronsealder. Nydyrkinga på 60 og 70-talet har fjerna mykje av dette kulturlandskapet. Eit dome er at hulvegen som kryssar kollen til høgre i biletet er borte. I dag er her fulldyrka mark.*

## **Askeladden id 127304, 127305 gravhaugar**

På Sørheim ligg det to haugar og ei røys igjen. Dette er dei siste av eit stort samanhengande felt med 25 – 30 røyser og haugar. Biskop Neumann nemner haugane alt i 1825, etter ei melding om oldfunn i området<sup>20</sup>. Nicolaysen skriv på 1860-talet at desse haugane hadde grøft omkring<sup>21</sup>.



*Figur 27: Gravhaugane på Sørheim. Haugane ligg i dag i nærleiken av gardsvegane mellom tuna på Sørheim. Før utskiftinga var det berre vegen i høgre kant som var etablert. Det skal ha lagt fleire steinsettingar i området kring haugane, men desse er no borte.*

Haugane ligg i dag på kvar sine bruk og illustrerer at ein i nyare tid og har brukt haugane som markering av grenser og merkje. Haugane har eit tverrmål på opp imot 20 meter og er 2 til 2,5 meter høge.



*Figur 28: Foto av Sjonarhaug bak tunet på 36/12-14 rett til høgre i biletet. Som biletet syner går traktorvegen kloss i haugfoten. Haugen låg truleg som ein av fleire graver oppå den gamle åskammen mellom innmark og utmark på Sørheim.*

<sup>20</sup> 1826 J. Neumann: Bedmærkninger paa en Reise i Nordhordlehn, Søndhordlehn, Hardanger og Vors 1825. Budstikken VII. Christiania s. 349

<sup>21</sup> 1860-66. N. Nicolaysen: Norske Fornlevninger. Kristiania. Nicolaysen NF s. 360



### **Askeladden id 90222 gravrøys**

Gravrøysa – Sjonarhaug er ei jordblanda røys som ligg femti meter aust for haugane 127304 og 127305, ikkje langt frå tunet på bnr. 12. Plasseringa er noko høgare opp i ein bakke som tidlegare var del av moreneryggen mot utmarka. Røysa er no mellom femten og sytten meter i tverrmål, og opp til ein og ein halv meter høg. Røysa skal ha vore mest to meter høg i 1898. Sjonarhaug er i dag mykje omrota og dyrka i kantane. Her skal ha vorte funne ei glasperle som er kome bort.

### **Askeladden id 127306 gravrøys**

I utmarka til Sørheim ligg Hetlebrekk. Inne på ein teig under bruk 8 ligg ei rektangulær og låg røys. Røysa truleg eit gravminne ligg i bytet mellom Sørheim og Stødle. Dei synlege måla er sju gange fem meter og høgda er på knappe 1,5 meter. Teigen røysa ligg på er i all hovudsak urydda, men i nordvest er marka rydda, og arbeidet har gjort noko skade på gravminnet. Terrenget er eit godt visuelt døme på korleis storparten av terrassen såg ut i eldre tid.



*Figur 29: Foto av røys, mogleg gravrøys inne på ein teig til bruk 36/8 Sørheim. Røysa ligg på ein mindre rygg i terrenget og delar av røysa ligg tett inntil eit eldre steingjerde. Området i søraust er delvis rydda, medan arealet nord og vest for røysa er mykje rydda og dyrka. Røysa er mellom 5 og 7 meter i tverrmål. Det kan sjå ut til at ho opphavleg har vore lengre, mogeleg ei langrøys.*

### **Askeladden id 117286 – Busetjing - aktivitetsområde**

Ved registrering i 2008 på gnr. 36/12-14 vart det opna fem sjakter. Det er gjort funn i dei tre sørlegaste av dei. Funna er godt avgrensa mot nordnordaust, der det er negative sjakter. Mot aust går funnområdet til fjøsen på garden. Mot sør går funna inntil tunet og til veggen inn til tunet. I frå kulturminna er det kort veg til to gravhaugar i sørvestleg retning. Mot vest og nordvest til nord er det ikkje avgrensa, men det er rimeleg å gå ut frå at funna held fram i denne retninga ut mot terrassekanten.




*Figur 30 Foto av sjakt 3 med gravhaugane på Sørheim i bakgrunnen.*

I alt vart det dokumentert 17 strukturar. 7 kokegroper, 6 stolpehol, 3 groper og 1 grøft. To av anleggspora er datert og viser ei brukstid til perioden frå år 0 – 300 e. Kr.


### **Kulturminne og landskap**

Stødleterrassen av i dag er eit relativt ungt kulturlandskap. Eldre kartmateriale viser oss eit landskap som først byrja endra seg på 1920-talet og framover. Ulike kart heilt fram til på 1930 talet viser til dømes fleire vegar og stiar over terrassen. Desse har vore både viktige ferdselsårer for gardane på terrassen, der nokre av vegane er gardsvegar, medan andre truleg har vore knytt til større og eldre regionale vegar. Fleire av vegane møttest der eller går gjennom gravfeltet på Hetlebrekk og vidare i retning Stordalen.

Denne veglinja var i si tid og brukt som ein del av postvegssystemet i regionen. I dag er dei fleste av vegane gått ut av bruk og er heilt borte. Eldre kart viser også plasseringa av den gamle kyrkjevegen frå Austrheim til Stødle kyrkje. Vegen kan nok gå attende til bruk alt i mellomalder, og etableringa av Stødle kyrkje som soknekyrkje. Vegen er borte i dag,



Figur 31: Kart over Stølemoen, ekserserplass 1838. Både Stødle kyrkje og gamle tunet på Stødle er med på kartet, men mest slåande er dei endringane i vegframføring som har skjedd dei siste 150 åra. Vegane i frå 1838 er heilt ulike slik dei går i dag.



Figur 32: Detalj av kart over ekserserplassen på Stødleterrassen i 1869 i kombinasjon med gravminne og kjende tun. Kartet viser godt den gamle terrassekanten som då var eit viktig fornminneområde.

*Figur 33: Kart med ei samanstilling av kulturminne som fram til i dag har vore kjent på Stødleterrassen. Dei fjerna kulturminne markert med raudt ut i frå informasjonar i arkivet. Vegar og stiar er markert som stipla linjer. Informasjon om vegane er henta i frå utskiftingskart og militære kart frå 1830-åra. Samanstillinga viser at aktiviteten på Stødleterrassen har vore stor, og fanna om heile arealet.*

Samanstilling av data frå nye og gamle kart synleggjer samanhengar som kan vere vanskeleg å få auge på i dag. Heile Stødleterrassen har vore eit samanhengande kulturminneområde, der sjølv myrer, og karrige område har hatt ein driftsfunksjon i det gamle landbruket. Vidare forstår vi at dagens landbruk på Stødleterrassen er del av ein tusenårig tradisjon, og på sitt vis kastar lys over kvifor Stødleterrassen har vore så attraktivt for bøndene.

## Oppsummering

Stødleterrassen har opp til i dag vore eit av dei mest markerte landskapstrekka i Etne og i Hordaland som eit heile. Terrengformasjonen og kulturmiljøet dannar eit viktig bindeledd attende i tid. For Etne sin del er denne samanhengen mellom kulturminne og landskap sterkare. Sagamaterialet gjev staden ein historisk dimensjon i tillegg. Det gamle landskapet har tilført gardar som Størheim og Stødle ein tilleggsverdi, noko som har gjort dei i stand til å bli maktsentra. Dette resulterte mellom anna i bygginga av Stødle kyrkje.

Landskapet på Stødleterrassen har endra seg mykje dei siste hundre åra, og dette har ført til tap av viktige terrengformasjonar. Foto frå 1950- og 60-talet viser eit kulturlandskap som ein i dag ville ha gått sterkt inn for å ivareta. Kulturminne og kulturlandskap på Stødleterrassen har lidd under denne utviklinga. På enkelte delar av terrassen har tapet vore fullstendig, og både landskap og kulturminne er heilt utradert. Andre stader ligg det derimot mykje att. Det er også positivt at totalbiletet og opplevinga av landskapet på Stødleterrassen framleis kan seiast å vera intakt

Dei inngrepa som har blitt gjort må sjåast i lys av tidsånd etter krigen og manglar i lovverk fram mot revisjonen av kulturminnelova i 1978. På grunn av dei store inngrepa som har vore gjort tidlegare er tolegrensa for nye inngrep svært låg. Eit vern gjennom Kulturminnelova sin paragraf 19, ein forvaltningsplan og eit godt samarbeid mellom forvaltningsorgan og grunneigarar/brukarar gjer oss i stand til å både sikre attverande landskapsdrag og kulturminne og kombinere dette med vidare landbruk på terrassen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Mars 2015. Kultur og idrettsavdelinga/  
Seksjon for kulturminnevern og museum.**